

Budsjett 2015



Budsjettdokument for 2015 og
økonomiplan for 2015 - 18

Rådmannen sitt framlegg
Dato: 10.11.2014



RADØY
den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Framlegget til budsjett for 2015 bygger på rekneskapan for 2013, justert budsjett 2014 og statsbudsjettet for 2015.

Rådmannen vil i 2015 halde fram det kontinuerlege arbeidet for å optimalisere organisasjonen og bruka ressursane på best mogleg måte for å utføre dei oppgåvene kommunen er sett til: utvikla samfunnet, utøva mynde og yta tenester.

God leiing er grunnleggande for å lukkast og i 2015 vil det bli ytterlegare styrka satsinga på utvikling av leiarskapet i Radøy kommune. Blant anna vil det bli satt i verk eit leiarutviklingsprogram som i første omgang er tenkt å gå over 1,5 år. Grunnlagsdokumentet for tilsette i Radøy kommune, som var utarbeidd i 2014, vil vere viktig basis. Det vil også bli fokusert på endringsleiing som ein del av arbeidet med kommunereforma og mogleg kommunesamanslåing.

Dei økonomiske ramevilkåra for 2015 er endå stramare enn tidlegare og etter mange år med nøktern drift, er det utfordrande å få til eit realistisk budsjett med tilfredsstillande driftsresultat. Drifta er i budsjettet i all hovudsak vidareført på dagens nivå.

På bakgrunn av den økonomiske situasjonen må det vere kontinuerleg fokus på kostnadssparande tiltak gjennom året. Betinga stillingsstopp som vart innført i 2014 vil bli vidareført i 2015. Rådmannens stab vil bli noko redusert i 2015 samanlikna med 2014, med kombinasjonen kutt i stillingsressursar og overføring av nokre av ressursane til sektor for helse- og omsorg.

Kvalitetssikring av tenester med fokus på systematisk styring vert styrka i 2015. Innføring av kvalitetssystem og deltaking i nettverk for rådmannen sin internkontroll vil bli vidareført. Gjennomgang for å sjå på mogleg forbetring av arbeidsprosessar vil først bli utprøvd på avgrensa område og ved gode erfaringar vil det bli gjennomført i fleire delar av organisasjonen.

Arbeidet med kommunereforma vil venteleg leggje beslag på ein del ressursar i toppleiinga i kommunen. Dette vil rådmannen kome tilbake til når meir er klart.


Nytt målstyringsdokument er utarbeidd og ligg som vedlegg til budsjettet. Malen er resultat av evaluering av tidlegare målstyringsarbeid i kommunen og systematisk arbeid for å sikre målstyring som hensiktsmessig verkøy framover. Målstyringsdokumentet er første versjon av ei planlagt utvikling av målstyring. Av årsmeldinga går det fram i kva grad måla er nådde.

Frie inntekter Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7%. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år (2014). Skatteinngangen i budsjettet vert sett til 115,6 mill, i samsvar med KS sin modell for utrekning av rammetilskot, basert på folketal pr 1.7.2014. Skatteinngangen er alltid usikker, men sidan Radøy kommune har ein skatteinngang under 90% av landsgjennomsnittet, får lokal endring i skatteinngangen lite å seia for inntekta vår. Til gjengjeld vil endring i skatteinngangen på landsplan ha sterk innverknad. Dette skuldast ordninga med inntektsutjamning. Inntektsutjamninga blir i budsjettet ført som ein del av rammetilskotet. Det er fastsett eit maksimalt skatteøyre på 11,25% i statsbudsjettet for 2015, og rådmannen går inn for at dette også vert gjeldande sats for Radøy kommune.

Rammetilskot (tal i heile tusen)	2013	2014	2015
Innbyggjartilskot (lik sum pr innbyggjar i heile landet)	108.321	114.449	112.191
Utgiftsutjamning	19.971	16.358	19.924
Overgangsordningar	-252	1.828	119
Ordinært skjøn	3.200	3.200	3.200
Inntektsutjamning	10.032	13.377	10.721
Sum rammetilskot og inntektsutjamn.	141.271	149.033	146.156

Folketalsutvikling



Hovudoversikt drift

	Budsjett 2015	Budsjett 2014 regulert	Budsjett 2014 opprinneleg	Rekneskap 2013
Brukarbetalingar	16 810 000	15 323 000	16 278 000	16 480 891
Andre sals- og leigeinntekter	26 026 000	25 092 000	26 054 000	26 610 986
Overføringar med krav til motytingar	30 660 000	23 095 000	28 554 000	49 755 523
Rammetilskot frå staten	146 156 000	149 033 000	145 386 000	141 271 831
Andre statlige overføringar	6 739 000	4 994 000	4 994 000	6 308 471
Andre overføringar	-	-	-	178 845
Skatt på inntekt og formue	115 665 000	108 574 000	112 879 000	108 358 269
Eigedomsskatt	14 528 000	11 521 000	11 521 000	11 424 719
Sum driftsinntekter	356 584 000	337 632 000	345 666 000	360 389 535
Lønsutgifter	205 519 000	197 022 000	195 623 000	207 895 836
Sosiale utgifter	62 684 000	57 220 000	57 350 000	54 439 173
Kjøp som inngår i kommunal prod.	40 812 000	36 285 000	38 099 000	45 752 117
Kjøp som erstattar egen prod.	24 371 000	22 062 000	21 868 000	28 520 120
Overføringar	16 310 000	20 032 000	21 322 000	17 861 035
Avskrivningar	12 937 000	12 869 000	12 358 000	12 872 140
Fordelte utgifter	-3 166 000	-2 430 000	3 680 000	-2 663 031
Sum driftsutgifter	359 467 000	343 060 000	350 300 000	364 677 390
Brutto driftsresultat	-2 883 000	-5 428 000	-4 634 000	-4 287 855
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	4 609 000	7 155 000	7 155 000	8 531 824
Mottekne avdrag på lån	60 000	60 000	60 000	36 000
Sum eksterne finansinntekter	4 669 000	7 215 000	7 215 000	8 567 824
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	6 229 000	6 951 000	6 951 000	6 618 200
Avdragsutgifter	8 240 000	8 354 000	8 354 000	7 748 030
Utlån	60 000	60 000	60 000	206 809
Sum eksterne finansutgifter	14 529 000	15 365 000	15 365 000	14 573 038
Resultat eksterne finansieringstransaksjon	-9 860 000	-8 150 000	-8 150 000	-6 005 215
Motpost avskrivningar	12 937 000	12 869 000	12 358 000	12 872 140
Netto driftsresultat	194 000	-709 000	-426 000	2 579 070
Bruk av overskot frå tidl år	-	-	-	2 092 608
Bruk av disposisjonsfond	400 000	658 000		1 253 099
Bruk av bundne fond	966 000	859 000	1 234 000	1 830 963
Sum bruk av avsetningar	1 366 000	1 517 000	1 234 000	5 176 669
Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-	3 287 885
Avsetningar disposisjonsfond	-	-	-	3 192 558
Avsetningar til bundne fond	-	547 000	547 000	1 186 560
Sum avsetjing til fond	-	547 000	547 000	7 667 003
Netto avsetningar	1 366 000	970 000	687 000	-2 490 334
Rekneskapsmessig mindreforbruk	1 560 000	261 000	261 000	88 736

Rammetilskot

Diagrammet nedst på sida syner at vi har hatt svak tilbakegang i folketalet pr 1.7.2014. Folketalsutviklinga er vesentleg i høve til inntektene, då rammetilskotet vert delt ut etter talet på innbyggjarar pr 1.7.2014.

Tabellen nedanfor syner korleis rammetilskotet for 2015 er utrekna.

Vi ser at innbyggjartilskotet er noko lågare i 2015 enn i 2014. Dette skudast dels redusert folketal, men i hovudsak at medfinansieringsansvaret i Samhandlingsreforma er trekt ut frå 2015.

Utgiftsutjamninga er monaleg høgare i 2015 enn i 2014. Dette skuldast at ei

rekke av faktorane som inngår i ordninga har endra seg i «vår favør», i den forstand at kostnadene er pårekna å auka, og dermed gir auka utgiftsutjamning. Dei største endringane frå 2014 er auke i tal born i alderen 6-15 år, auke i tal innbyggjarar 80-89 år, auke tal PU over 16 år, og auke i tal born 1 år utan kontantstøtte. Endringa her utgjer nær 5 mill. Samstundes har tal personar i aldersgruppa over 90 år gått noko ned, og reduserer utgiftsutjamninga med ca 0,6 mill. Det er interessant å merka seg at Radøy kommune no ligg ganske nøyaktig på landsgjennomsnittet når det gjeld tal uføre i aldersgruppa 18-49

år, med ein indeks på 0,9999.

Skjønstilskot frå Fylkesmannen er gitt for 2015 med 3,2 mill., same sum som for 2014. Dei fleste kommunane i Hordaland har fått redusert skjønstilskotet, og slik sett skal ein vera nøgd med å halda nivået frå tidlegare år.

Av statsbudsjettet går det fram at auka frie inntekter er tenkt nytta på ei rekke område. Pensjonskostnaden vil auka meir enn det som vert kompensert gjennom prisvekst, noko som må dekkjast av frie inntekter. Radøy sin del av dette skulle bli ca 450.000,- men faktisk tal er ca 1,44 mill., altså ca 1 mill meir enn det som vert kompensert. Rammetilskot knytt til rusproblem og

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2015	Budsjett 2014 regulert	Budsjett 2014 opprinneleg	Rekneskap 2013
Skatt på inntekt og formue	115 665 000	108 574 000	112 879 000	108 358 269
Ordinært rammetilskot	146 156 000	149 033 000	145 386 000	141 271 831
Eigedomsskatt	14 528 000	11 521 000	11 521 000	11 424 719
Andre generelle statstilskot	6 739 000	4 994 000	4 994 000	5 263 471
Sum frie disponible inntekter	283 088 000	274 122 000	274 780 000	266 318 290
Renteinntekter og utbyte	4 609 000	7 155 000	7 155 000	8 531 824
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg	6 229 000	6 951 000	6 951 000	6 618 199
Avdrag på lån	8 240 000	8 354 000	8 354 000	7 748 030
Netto finansinntekter/-utgifter	-9 860 000	-8 150 000	-8 150 000	-5 834 405
Til dekking av meirforbruk frå tidl. år			-	
Netto bruk av fond/avsetjing til fond	-	658 000	-	-
Overført til investeringsrekneskapen			-	3 287 855
Til fordeling drift	273 228 000	266 630 000	266 630 000	257 196 030
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	271 668 000	266 369 000	266 369 000	257 102 406
Meirforbruk/mindreforbruk	1 560 000	261 000	261 000	93 624

Budsjettskjema 1B

	Budsjett 2015	Budsjett 2014 justert	Budsjett 2014 vedteke	Rekneskap 2013
Stab og politisk	18 471 000	15 541 000	13 922 000	13 214 209
Oppvekst	108 437 000	98 535 000	100 121 000	107 979 891
Helse og omsorg	119 781 000	120 310 000	120 353 000	122 213 876
Drift og forvaltning	24 979 000	24 744 000	24 734 000	30 145 498
Finans	-	7 239 000	7 239 000	
Sum drift	271 668 000	266 369 000	266 369 000	273 553 474

psykiske lidningar skal ha ein vekst på ca 200 mill på landsplan. Rådmannen arbeider med plan for psykisk helse og rus, og vil koma attende til tiltak i samband med handsaminga av denne. Vidare skal kr 200 mill av veksten i frie inntekter på landsplan nyttast til å styrka Helsestasjons- og skulehelsete-nesta. Rådmannen finn ikkje å kunna auka rammene til helsestasjonsarbeidet i 2015, jf også arbeidet med plan for psykisk helse og rus.

Meir fleksible barnehageopptak er også eit satsingsområde i statsbudsjettet. Barnehagane får utvida driftsrammer i 2015, og rådmannen meiner at det skal vera fullt mogeleg å følgja opp regjeringa sine intensjonar på dette området. Rådmannen vil understreka at føringane kring rammetilskotet ikkje forpliktar kommunestyret til å løyva tilsvarande midlar.

Eigedomsskatten vert føreslegen vidareført med 7‰ som hovudsats, men rådmannen går inn for å redusera «rabatten» for bustadeigedomar og ubygde grunnstykke, slik at satsen blir 4‰. I tillegg kjem ein svak auke som

følgje av nye bygg som har kome til i løpet av 2014.

Integreringstilskotet aukar noko som følgje av nye flyktingar som har kome og skal koma i 2015. Auka tilskot kjem grunna auka kostnader, og det vert tilført ekstra midlar til NAV Sosial som kompensasjon for dette.


Samla frie inntekter i 2015 er såleis kr 277,1 mill, mot ca 275 mill i 2014.

Renteinntekter og utbytte er sett til kr 4,9 mill. Aksjeutbyttet i BKK er sett til kr 3 mill, ein reduksjon på nær 3 mill i høve til 2014. Aksjeutbyttet i BKK har vore nytta fullt ut i drifta i ei årrekke, og reduk-

sjonen i 2015 påverkar såleis drifta direkte. Einaste måten rådmannen finn å kompensera dette på, er ved å auka eigedomsskatten i 2015. Renteinntekter av bankinnskot er sett til ca 1,1 mill. Det er då lagt til grunn at lån vert teke opp tidleg i året, og plassert på gjeldande rentevilkår gjennom året.

Rentenivået på innskot er knytt til

Figur 2.3a Anslag på styringsrenten i referansebanen med sannsynlighetsfordeling. Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2017¹⁾



1) Anslag for 3. kv. 2014 – 4. kv. 2017 (stiplet)
Kilde: Norges Bank

NIBOR, som er marknadsrenta mellom bankane i Noreg. NIBOR vert fastsett for ulike tidsrom, frå ei veke til eitt år. Referansen vår er 3 månaders NIBOR. I starten av året låg NIBOR på 1,65%, og har i løpet av året falle marginalt til 1,63 ved utgangen av oktober. Renteutgiftene er estimert til 6,2 mill i 2015. Kommunen har fastrenteavtale på tre lån i Kommunalbanken, bundne til 2,49 % fram til 2019. Denne rentebindinga vart gjort i august 2014, og på dette tidspunktet vurderte rådman-

nen det som rett å gå inn for binding i fem år, for å sikra føreseieleg rente på ein del av lånemassen. Vidare har kommunen fastrente på nokre lån i Husbanken, bunde til 2,1% i 5 år frå november 2012. For dei resterande låna, ca kr 100.000.000,- har vi flytande rente. Den flytande renta i Kommunalbanken er for tida 2,26%. Renteutviklinga for flytande rente er framleis uvis. På Noregs bank sitt siste rentemøte vart styringsrenta framleis halden uendra på 1,5%. Mykje tyder på


at rentenivået vert liggjande ganske flatt i ein lengre periode, sjå Noregs bank si rentevifte i diagrammet nedst på denne sida. Rådmannen har valt å setja rentenivået i 2015 til 2,2% på lån med flytande rente. Dette er gjort med utgangspunkt i vurderingar frå ma. Kommunalbanken.

Avdragskostnaden er sett til kr 8.240.000 i 2015. Kommunen er pålagt å betala avdrag kvart år, og det er fastsett retningsliner for å rekna ut minsteavdrag, der ein tek omsyn til årlege avskrivningar, verdi av eigendelar og lånegjeld.

Brutto lånegjeld, inkl. lån til vidare utlån, vil pr 1.1.2015 vera ca kr 257 mill. Med planlagde låneopptak og avdrag i 2015, vil lånegjelda auka til ca 285 mill ved utgangen av 2015.

Eit mykje nytta samanlikningstal for å vurdere gjeldsnivået er netto lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter. Dei siste åra har lånegjelda rekna på denne måten gått ned frå over 65% i 2009 til 62,15% ved utgangen av 2013. Radøy kommune har ei lånegjeld som er lågare enn mange andre kommunar,

**Arbeidskapital ex premieavvik
i % av netto driftsinntekter**



Interkommunale samarbeidstiltak

Namn	Tal		R2013	B2014	B2015
	deltakarar	Del Radøy			
Nordhordland IKT drift, inkl strategi	9	11,2 %	2 428 000	2 158 000	2 575 000
Nordhordland legevakt	9	12,0 %	2 050 427	2 271 000	2 470 000
Nordhordland revisjon IKS	7	19,9 %	681 252	681 000	722 000
Nordhordland kemnerkontor	5	14,2 %	707 530	952 000	802 000
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	9	11,7 %	356 770	356 000	414 000
Sekretariatsfunksjon kontrollutvalet	8	12,48 %	79 479	80 000	81 000
Brannførebyggjande samarbeid	9	14,0 %	355 176	432 000	432 000
Distriktsveterinærteneste	3	37,0 %	117 060	193 000	180 000
Interkommunalt krisesenter	19	1,48 %	207 705	162 000	210 000
Teknisk - hygienisk ingeniør	7	14,0 %	113 930	112 000	120 000
Business Region Bergen	9	0,41 %	50 030	50 000	51 000
Interkommunalt byggetilsyn	9	11,0 %	14 182	91 000	280 000
Kompetanseprosjekt Nordhordland	9	11,3 %	40 603	40 000	41 000
Biosfæreprosjekt Nordhordland	9	11,4 %	28 559	40 000	51 000
Brannvarslingssentral, Bergen (110)	28		196 004	187 000	200 000
Interkommunalt arkiv	31	2,85 %	84 324	85 000	90 000
Bergen og omland friluftsråd	15		77 609	80 000	80 000
Interkom. utval mot akuttforurensing (IUA)	26		54 746	48 000	50 000
Innkjøpsamarbeid Bergen kommune	15	Fast avg	87 000	87 000	90 000
Syns og audiopedagogiske tenester			104 000	94 000	104 000
Norskundervisning for framandspråklege		Løpande	1 669 637	1 140 000	1 590 000
Tiltak der Radøy er vertskommune:					
Radøy interkommunale busenter		50 %			
Nordhordland digitalt		Ca 12%			
Felles landbrukskontor, Austrheim, Fedje, Radøy		68 %			

men likevel er gjelda høg i absolutte tal. Kommuneøkonomien vil difor bli direkte påverka av sjølv ein mindre auke i rentenivået.

Føringar i statsbudsjettet

I statsbudsjettet ligg det ein del føringar knytt til drifta i kommunane. Noko av dette vert kommentert under dei ulike hovudområda.

Det går fram at foreldrebetalinga i barnehagane skal aukast med kr 100,- pr måned for full plass. Samstundes vert det gjort framlegg om at foreldrebetalinga for ein fulltids plass maksimalt skal utgjera 7 prosent av familien sine samla inntekter, med iverksetjing frå 1.8.2015. Rådmannen finn det vanskeleg å talfesta verknadene av ei slik ordning, inntil ein veit korleis den er tenkt gjennomført i praksis.

Innan barnevernet vert den kommunale andelen ved plassering i barnevernsinstitusjonar auka frå 1.1.2015. Dette vil føra til auka kostnad for Radøy kommune, noko det er teke omsyn til i budsjettframlegget frå rådmannen. Ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO-tida er avvikla frå skuleåret 2014/15, og fører til trekk i rammetilskotet frå staten. Tilsvarende trekk er gjennomført i løyvinga til musikk- og kulturskulen for 2015.

Ordninga med gratis frukt og grønt i skulen er også avvikla frå skuleåret 2014/15.

Ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar for 20% av utgiftene ved sjukehusopphald vart innført i 2012, men vert avvikla frå 2015. For Radøy kommune er uttrekket i rammetilskotet litt lågare enn det som var avsett i budsjettet for 2014. Det er såleis ein liten «gevinst» ved denne endringa.

Ordninga med betaling for utskrivingsklare pasientar vert vidareført i 2015. Sjølv om Radøy har hatt minimale kostnader til slik betaling, krev rask utskriving av pasientar mykje av organisasjonen.

Ordninga med ressurskrevjande tenester vert vidareført i 2015, med 80% kompensasjon for utgifter over kr 1.080.000. Innslagspunktet er auka meir enn lønsveksten, og dette er meint å vera ei viss innstramming av ordninga.

Drifta i Radøy kommune har vore

stram i ei årrekke. Til dels store endringar i rammevilkåra gjer det svært krevjande å balansera drifta i 2015 og åra som kjem. Endring av ordninga med mva-kompensasjon, auke pensjonskostnader, redusert aksjeutbytte frå BKK, samhandlingsreforma, auka etterspurnad etter barnehageplassar og nye ressurskrevjande tenester gjer det uråd å drifta vidare som om ingenting har hendt. Det er difor sett i verk ulike tiltak i 2014 for å spara inn på driftskostnadene, jf vedteke budsjett for 2014.

Med grunnlag i dette, og dei krav og forventningar omgjevnadene stiller til Radøy kommune, meiner rådmannen at driftsnivået pr oktober 2014 må vidareførast i 2015. Skal ein redusera drifta ytterlegare, må det gjerast ved å ta bort tenestetilbod ein i dag har. Det handlar i tilfelle om politisk prioritering.

For å koma i balanse i 2015 kan ikkje rådmannen sjå at det er mogeleg å koma forbi ein auke av eigedomsskatten. Dette gjeld berre eigedomsskatt på bustader og ubygde tomter. Eigedomsskatt på næring, verk og bruk er alt på høgaste lovlege nivå, dvs 7 promille. Ein auke frå 3 til 4 promille gir ein auke i eigedomsskatten på nær 3 mill i 2015. Dette er tilstrekkeleg til å berga drifta i balanse., men langt frå nok til å få eit tilfredsstillande driftsre-


sultat. Netto driftsresultat er positivt med kr 194.000, og bruk av fond, m.a. på VA-området fører til eit mindreforbruk på ca 1,5 mill.

Ut frå ei samla vurdering både på kortare og lengre sikt, meiner rådmannen at resultatet for 2015 kan forsvarast.

Rådmannen vil frå 2015 innføra endå tettare oppfølging av drifta, m.a. med full rapportering frå alle leiarar kvar måned, frå og med januar. Alle stillingar skal vurderast nøye før utlysing, og m.a. gjennom å ta i bruk e-handel skal innkjøpskostnadene haldast så låge som mogeleg.

I budsjettet for 2015 er det gjort ein del tekniske endringar samanlikna med 2014. M.a. vert ikkje lengre avskrivningar belasta dei einskilde tenesteområda, men vert ført sentralt. Budsjettet vert endra tilsvarende. Det kjem sak til kommunestyret om tilsvarende endring i budsjett for 2014. Tala i skjema 1B er justert som om kommunestyret hadde godkjent endring for 2014. Dette gjer at tala kan samanliknast i 2014 og 2015. I rekneskapen for 2013 er avskrivningane ført på kvart tenesteområde. Samanlikning med 2013 kan såleis ikkje gjerast direkte. For skjema 1A og hovudoversikt drift har denne endringa ingen innverknad.

Kostnader til administrasjon pr innb



Diagrammet ovanfor syner kostnadene til administrasjon i kvar av samanlikningskommunane. Tala er henta frå KOSTRA-rapporteringa for 2013. Kommunane har ikkje nødvendigvis heilt same praksis på kva kostnader som vert ført som administrasjon, på funksjon 120. Osterøy er noko større enn dei andre kommunane, og større kommunar har som hovudregel lågare høvesvis del administrasjon enn mindre kommunar. Radøy ligg ca 1.300 kr lågare pr innbyggjar enn kommune-gruppe 02.

Oppvekst

Barnehagane har hatt jamn vekst dei siste åra. I 2015 må barnehagane tilførst ca 1,5 mill ytterlegare. Dette gjeld hovudsakleg Prestmarka og Sæbø barnehage, og skuldast at barnehagane har fått tilført for lite budsjettmidlar dei siste åra i forhold til kva dei må ha for å kunne oppretthalde driftsnivået.

Maksimalpris for foreldrebetaling i barnehagane er i framlegget til statsbudsjett auka med kr 100,- pr måned samanlikna med 2014. Rammetilskotet frå staten vert redusert tilsvarande.

Rådmannen vurderer bemanninga og organiseringa i barnehagane slik at det er vanskeleg å gjennomføra innsparingar utan å koma i konflikt med krav til bemanning. Talet på avdelingar er tett knytt til barnetalet. Prestmarka er delt på tre lokalitetar, og ideelt burde desse vore samla. Ei slik samling vil ikkje redusera talet på avdelingar, men vil gjera det administrative arbeidet i barnehagen enklare, utan at dette gir noka direkte økonomisk innsparing. Ein har pr i dag ingen tilgjengelege lokale for ei slik samling på Manger. Alternativet er å leiga større areal hos Helse Bergen, men dette vil føra til stor auka kostnad både til innreiing og husleige. I eit langsiktig perspektiv må ein greie ut om nybygg av barnehage på Manger må til for å løyse framtidige behov.

Det er framleis noko uvisse knytt til refusjonskrav for barnehageborn i private barnehagar. Det er lagt inn ein auke til 2,5 mill frå 2015, men det er


ikkje råd å stadfesta at dette blir det endelege talet for 2015. Skulestrukturen i Radøy har ikkje vore noko politisk tema dei siste åra. Det har vore brei semje om at 4 barne- skular og ein ungdomsskule er ei god inndeling. I elevtalsprognosane for åra som kjem, varierer elevtalet på kvart klasstrinn mellom 60 og 75 elevar. Dette betyr at ein kvart år kunne hatt tre klassar på kvart alderstrinn, men med gjeldande skulestruktur får vi fire eller til og med fem klassar. Her ligg ein betydeleg meirkostnad i høve til rammeoverføringa Radøy kommune får frå staten. Men det er inga enkel sak å gjera noko med dette. Frå ein økonomisk ståstad skulle Radøy hatt ein barneskule og ein ungdomsskule, for best mogeleg ressursutnytting. I framtida må ein vurdere om endring av skulestruktur er eit mogleg eller eit ynskjeleg verkemiddel for å kunne oppretthalde innhaldet og omfanget

på tenestenivået i grunnskulen i Radøy, jamfør eventuell redusert ressurstildeling som er omtala nedanfor. Radøy kommune har i mange år hatt ein eigen modell for tildeling av ressursar til skulane. Modellen er basert på elevtal, og fungerer stort sett slik at auka elevtal gir auka tildeling til den einskilde skule, men også slik at minkande elevtal reduserer tildelinga. For skuleåret 2015/16 ser det ut til at elevtalet samla sett vil gå opp, noko som utløyser krav om auka tilskot til skulane. I høve til den økonomiske realiteten vi står overfor i åra som kjem, må ein justera modellen og tildelingskriteria for å kunna redusera løyvingane til skulen. Rådmannen vil understreka at ei slik innsparing vil gå ut over tilbodet til elevane, også spesialundervisninga.

Fellestener oppvekst. I budsjettssamanheng er det her det har vore størst kostnadsauke dei seinare åra. I denne

ramma vert det mellom anna ført utgifter på elevar frå Radøy som går på private skular i andre kommunar, der nokre og har trong for omfattande spesialpedagogiske

Netto utgifter skulesektor pr innb 6-15 år



Diagrammet syner samla, netto utgifter til skulesektor, dvs undervisning, skulelokale og skuleskyss.

tiltak. Totalkostnaden for desse borna er nok ikkje høgare enn om dei hadde gått på skule i eigen kommune, men kostnaden hadde då vore ført på den einskilde skule og ikkje på ein sentral post. Vi finn og i denne ramma utgifter til såkalla gjesteelevar, ei gruppe det ofte er knytta barnevernsvedtak til. I dag har ein fleire born, med dyrare tiltak for enn tidlegare, noko som fører til sterk kostnadsauke.

Styrkingstiltak barnehage. Dette er og ein post med stor auke. Her finn vi mellom anna kostnader til barnehageplassar for born som går i barnehage i annan kommune enn heimkommunen. Dette kan til dels samanliknast med born som går på private skular, i

Elevtal pr skule, oppdatert pr september 2014

	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19
Austebygd skule	58	50	50	51	48	48
Hordabø skule	106	104	101	107	101	103
Manger skule	147	153	156	158	155	166
Sæbø skule	134	129	128	126	120	117
Radøy ungdomsskule	198	213	221	202	193	178
SUM	643	649	656	644	617	612

Elevtala syner kor mange elevar som høyrer til kvar ein skule, basert på informasjon frå folkeregisteret. Tala seier ikkje kor mange elevar som faktisk går på kva skule. Elevar som går i private skular i andre kommunar er med i desse tala. Talet på slike elevar har auka, og pr november 2014 går 14 elevar i private skular.

og med at desse utgiftene ikkje direkte kan sparast inn dersom borna hadde gått i ein av våre eigne barnehagar. Kostnadane hadde då vore fordelt på dei aktuelle barnehagane borna hadde gått i, og ikkje på ein sentral ført post. Andre kostnader på dette området er spesialpedagogiske styrkingstiltak i barnehagane. Omfanget av dette har auka dei seinare åra, og ein ser stadig fleire born med vedtak i barnehagane. Dersom dette på sikt kan føre til mindre spesialundervisning i skulane, vil dette heilt klart kunne definerast som tidleg innsats i tråd med La Linea.


Trong for auka løyvingar knytt til vaksenopplæring skuldast mellom anna retten til grunnskuleopplæring for alle innbyggjarar, inkludert framandspråklege. Medan retten tidlegare hovudsakleg var knytt til norskopplæring, har alle innbyggjarar i dag rett til opplæring tilsvarande norsk grunnskuleopplæring. Dette har samanheng med at ein må kunne dokumentere slik kompetanse for å kunne byrje på vidaregåande opplæring og utdanning. Mange framandspråklege har ikkje slik bakgrunn når dei kjem til landet, og får etter kompetansekartlegging tilbod om opplæring utifrå kva kartlegginga viser. Radøy bruker Lindås opplærings-senter til denne tenesta, då dei har kompetanse på området og dei truleg gjev eit betre og rimelegare tilbod enn det vi kan klare sjølv. I tillegg til auka utgifter får kommunen sterk reduksjon i tilskotet til denne gruppa samanlikna med tidlegare. Dette fordi mange kjem til oss via mottak i andre kommunar, og i fordelingsnøkkelen får mottakskommunane storparten av tilskotet.

Barnehagestatus pr 1.11.2014


	Heil plass	Delt plass	Totalt	Fødde	Dekning
2013	24	8	32	57	56,1
2012	47	7	54	67	80,6
2011	41	3	44	46	95,7
2010	47	10	57	64	89,1
2009	66	6	72	71	101,4
SUM	225	34	259	305	84,9

Ut over dette har vi til ei kvar tid 10-20 barn i barnehage i nabokommunane

Netto driftsutgifter barnehage pr innbyggjar 1-5 år



Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



Helse og omsorg

Det er jevnt auka press på sektoren, pasientar frå sjukehusa skrivast tidlegare ut til kommunane, enten til heimetenesta eller Velferdssenteret. Vi har spesiell fokus på barn og unge som slit, og ser via psykisk helse at talet av vaksne som slit aukar. Vi har ikkje tunge rusmisbrukarar, men det er likevel ein auke av rusproblem. Med dette som bakteppe har ein i budsjettet søkt å skjerma desse områda, då effektivisering her vil vera å handtera fleire brukarar innafør same budsjetttramme.

NAV Sosial er stramt bemanna, og har hatt kraftig auke i 2014. Ein ser m.a. at kostnadene til sosialhjelp har auka monaleg i 2014. Iflg KOSTRA-tala ligg Radøy kommune på nivå med, eller under nabokommunane når det gjeld storleik på sosialstønad og stønads-lengd. Driftskostnad pr sosialhjelpsmottakar ligg noko under nabokommunane. 5,6 % av innbyggjarane i alder 20 – 66 mottek sosialhjelp. Det gir ein fjerdeplass i fylket. Det betyr auke i sosialutbetalingane.

Høg innsats, god kompetanse og fleksibilitet på alle nivå gjer at vi klarer å handtere fleire og mer komplekse problemstillingar utan auke i budsjett.

Kommunestyret har vedteke å ta i mot nye flyktningar i 2015. Desse utløyser auka tilskot, men også auka kostnader og ressursar for å få til bustad, utdanning og inkludering.

Helsestasjonen har ei viktig rolle og ein vurderar korleis ressursane utnyttast best mogleg. Fokusområde er spesielt retta mot skule.

Radøy kommune har jordmor i 30% stilling, for å kunna gje eit akseptabelt tilbod. Ordninga fungera bra, og det er god pågang av fødande!

Fysioterapitenesta driv svært nøkternt økonomisk, og rådmannen kan ikkje sjå at løyvingane til fysioterapi kan reduserast utan at det får direkte verk-nad for tenestetilbodet.

Legetenesta består i realiteten av fleire element; kommuneoverlege, tilsynslegeordning ved institusjonane, legesenteret og den interkommunale legevakta. Gode legetenester er svært

viktig i høve til å unngå innlegging på sjukehus og dermed halda kostnadene til liggedøgn nede. Den interkommunale legevakttenesta vart i 2013 utvida med senger for «øyeblikkelig hjelp», såkalla ØH-senger. Fleire kommunar har gått inn i ordninga. Kostnadsauke skuldast at det for 2015 kjem ekstra kostnader ved innføring av naudnett. Vi er pålagt å ha eit slikt tilbod på plass frå 2016, og det vert gjeve tilskot til etablering og drift av nye plassar.



Rådmannen har i 2014 arbeidd med å forankra folkehelsearbeidet på alle nivå i organisasjonen. Fylkesmannen har i tilsyn funne at måten Radøy tenkjer folkehelse er innafør dei føringer som ligg til grunn. Vi driv godt, men nøkternt.

Samhandlingsreforma vart innført frå 1. januar 2012. Ein ser ei utvikling der det kjem fleire og sjukare pasientar frå sjukehusa. Spesialisthelsetenesta overfører pasientar tidlegare enn før, og pasientane er svakare enn tidlegare. Dette aukar press på kommunale tenester knytt til korttidsplasser ved Velferdssenteret og heimebehandling i regi av Heimetenesta.

Til no har Radøy kommune hatt minimale utgifter til liggedøgn. Bekymringa er knytt til sterk auke i tal utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta, og kostnadene ligg til Velferdssenteret/ Heimetenesta.

Velferdssenteret tek i mot stadig fleire korttidspasientar, mange utskrivne frå sjukehus. Dette stiller store krav til kompetanse og oppfølging innan tenesteområde. Mange korttidspasientar legg økonomisk press på Velferdssenteret, mellom anna fordi eigenbetalinga er mykje lågare for korttidspasientar enn langtidspasientar. Kapasiteten ved Velferdssenteret er nær sprengd, og det er behov for å auke tal plasser. Ei bekymring er rekruttering av kvalifisert personell i tida framover. Tal pasientar som vert handtert og vurdert er nær dobla sidan 2012.

Heimetenesta leverer, som namnet seier, tenester til heimebuande, medrekna dei som bur i omsorgsbustader. Ei effekt av samhandlingsreforma er fleire pasientar tidlegare tilbake til kommunane, dei sjukaste er innom



Velferdssenteret, men ein stor del går rett til heimetenesta. Ei anna endring er meir komplekse problemstillingar og krevjande brukarar. Det vert fleire heimebesøk og utgreingar og aktiviteten aukar kraftig, men vert handtert innan ei gitt ramme av personell og økonomi. Også dagtilbodet er ein del av heimetenesta. Innan 2016 skal det på plass eit dagtilbod til demente, og det vert no arbeidd med å etablere eit slikt tilbod i nær tilknytning til heimetenesta og Velferdssenteret.

OMSUT (tidlegare BF-tenesta), Omsut «teneste for omsorg og utvikling».



Tilboda eininga gir er i all hovudsak retta mot einskildebrukarar, og er gitt etter individuelle vedtak. Slike vedtak vil gjelda så lenge brukaren sin tilstand ikkje endrar seg. Det er teke i bruk medlevarturnus i tenester retta mot nokre brukarar. Tenesteområdet har fått tilført ein ny svært ressurskrevjande bruker i 2014. Det vil vera krevjande å redusere tenesteomfanget her, utan å koma i konflikt med dei rettane brukarane har. Ein av brukarane frå Radøy vert overført frå RIB til Omsut i 2014. Det er etablert eit eiga tilbod rundt denne brukaren.

Radøy kommune er medeigar i Aufera A/S. Aufera leverer godt, men har ein marginal økonomi, og har reservestøtte frå kommunane som gir «reservetilskot», med høvesvise summer om nødvendig. Søknaden er først og fremst grunngjeven med innskjerpa regelverk for tilskot frå NAV.

Kostnadene i barnevernet har gått ned dei siste åra, som følgje av betre oversyn og kvalitetssikring av tenestene, og tiltak har god styring og målretting. Dette er ei svært gledeleg utvikling, og rådmannen er godt nøgd med arbeidet som vert gjort i barnevernet.

Det er stor pågang på tenester innafor psykisk helse, det er mange brukarar


og det er eit aukande behov for gruppa under 18 år, og ein ser tendensar til ein auke knytt til rusproblematikk.

Radøy interkommunale busenter (RIB) vart etablert for å gje tilbod til personar utskrivne frå Helse Bergen sine institusjonar. Radøy fyller no tre plassar, og tre andre plassar vert nytta av Bergen, Osterøy og Vik. Det vert arbeidd for å få inn nye brukarar i RIB, utan at det så langt er gjort avtalar om dette.


Radøy kommune må vera med i Norsk Helsenett, for å dekke kostnadene til det landsomfattande, lukka helsenettet. Dette skal mellom anna nyttast til elektronisk meldingsutveksling og naudnett.

Radøy Matsørvis leverer som alltid god mat og gode økonomiske resultat.

Sosialtenesta - driftsutgifter pr mottakar



Barnevern - netto driftsutg. pr barn aldersgr. 0 - 16 år



Drift og forvaltning

Drift og forvaltning har ansvar for å planleggje, drifte og forvalte det fysiske miljøet i kommunen. Vidare har einingane i denne sektoren ansvar for brannvern og redningstenester, for å yte sørvis og tenester både internt og eksternt, og å tilby gode kulturelle tenester for innbyggjarane i Radøy kommune. Aktiviteten i sektoren er planlagt vidareført på eit nøkternt nivå i 2015, og det er ikkje gjort endringar i føresetnadene for drifta som vil gi vesentlege økonomiske konsekvensar i året som kjem. For å gi betre oversikt over den økonomiske utviklinga, er det gjort tekniske endringar i budjettoppsettet som følgje av endringar i organisasjonsstrukturen.

Innanfor teknisk drift er rådmannen sitt hovudfokus i 2015 å betre den systematiske tilnærminga til eigedomsforvaltninga. Dei politiske føringane i kommuneplanen er m.a. at kommunen skal ha forskriftsmessige bygg med god vedlikehaldsgrad og universell utforming. I ein kommune med stram økonomi meiner rådmannen derfor det er viktig å etablere styringssystem som gjer at knappe ressursar vert prioritert riktig. Gjennom å systematisere tilgjengelege data om bygg, anlegg og tenester til styringsinformasjon, legg ein til rette for at ressursane vert nytta der behova er størst og i samsvar med politiske føringar for eigedomsforvaltning. Ei meir systematisk tilnærming til eigedomsforvaltninga, vil etter rådmannen si vurdering også gi politikarane eit betre styringsgrunnlag.

Det er eit betydeleg etterslep både på vedlikehald og utbygging på VA-området i Radøy, og rådmannen vil i 2015 prioritere vedlikehald og oppgradering innanfor vatn- og avlaupssektoren. Det er m.a. ei prioritert oppgåve å digitalisera avløpsleidningane i kommunen. Dette er eit arbeid som vert gjort i regi av DIHVA, men rådmannen meiner at framdriftstakten på arbeidet bør aukast. Slikt arbeid avdekkjer gjerne både tekniske feil og ulovlege tilkoplingar. Dette er faktorar som har konsekvensar for kommunen, både i eit forureningsperspektiv og i forhold til økonomi.

Kommunen får gjennom året fleire søknader om støtte til å setje opp veg-

lys på mørklagde strekk. Intensjonen er god og tiltaka viktige, men rådmannen meiner at det vanskeleg å forplikte kommunen til nye, framtidige driftsutgifter, slik den økonomiske situasjonen er no.

På plan-, oppmåling- og byggesaksområdet er hovudmålsetjinga å oppretthalde den gode kvaliteten og effektiviteten i sakshandsaminga, og få på plass oppdatert arealplanverk. 2014 har vist at dei økonomiske rammene for brannvern har vore knappe, men rådmannen ønskjer å sjå på førebyggingstiltak og tiltak for å redusere talet på såkalla «falske» utrykkingar, framfor å auke budsjettamma for 2015. Kjøp av brannsjefstilling frå Austrheim er planlagt avslutta på nyåret. Rådmannen ønskjer å fortsetje arbeidet med å styrke kompetansen i brannvernet, samt å gradvis skifte ut gammalt brannvernustyr.

Kultur- og sørvistorget har ansvar for den tekniske gjennomføringa av Kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015. Valet krev mykje ressursar, både i form av arbeidsinnsats og kostnader knytt til tekniske løysingar for gjennomføring av valet.


Overgangen til elektronisk arkiv har betra kvalitet og effektivisert arbeidsprosessar, men stiller samstundes krav til gode rutinar for kvalitets-sikring frå Kultur- og sørvistorget. Det er også ei utfordring at kommunen har eit etter-

slep på rydding og kvalitetsikring av historisk arkiv, men rådmannen kan ikkje sjå at det er rom for å setje av midlar til å redusere dette etterslepet i 2015. Etterslepet er estimert til om lag halvtanna årsverk med arkivarbeid, og bør handterast før ei evt. kommunesamanslåing.


For Løn- og rekneskapscenteret vil hovudfokus også neste år vere å få på plass VISMA og leggje til rette for gevinstrealisering i dette prosjektet.

Både biblioteket og Frivilligsentralen vil halde fram med å levere tenestene sine innafor ei svært nøkternt ramme. Hovudfokus for biblioteket i året som kjem vil vere å styrke biblioteket som ein sosial møteplass, utvikle gode digitale tenester og framleis halde eit fokus på den yngre garde i barne- og ungdomskommunen Radøy. Frivilligsentralen vil halde fram med å medverke og stimulere til at den viktige frivillige innsatsen i kommunen vert halden oppe og helst auka.

Årsgebyr vatn



Årsgebyr avløp



Prisauke 2015

I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 2,5%. Gebyrsatsar og eigenbetaling i Radøy kommune vert i utgangspunktet auka tilsvarende, slik det går fram av tabellane på denne og neste side. Gebyr for tekniske tenester, dvs byggesak, plan og oppmåling går fram av eige vedtak.

I statsbudsjettet er det er lagt opp til at maksimalpris for barnehagane vert auka frå kr 2.405,- til kr 2.505,- pr måned for full plass. Auke av foreldrebetaling i SFO vert gjort tilsvarende.

Husleiger i kommunale bustader vert regulert etter individuell avtale, i samsvar med husleigelova. Eigenbetaling i pleie og omsorg vert auka i samsvar med helse- og omsorgsdepartementet sine til ei kvar tid gjeldande satsar for inntekter inntil 2G. Nye satsar for 2015 vert vedtekne i desember 2014. For inntekter ut over 2G vert satsane auka med prisindikatoren, dvs 2,5%. For mat, medrekna fullpensjon og mat på dagsenter, vert prisane ikkje justert i 2015. Pris for tryggingssalarm vert heller ikkje auka.

Satsane for musikk- og kulturskulen vert ikkje auka. Leigesatsane for bruk av Radøyhallen vert noko justert. For utleige av Radøyhallen til private leigetakararar og lag/organisasjonar utanfor Radøy kommune, får rådmannen fullmakt til å fastsetja leigesatsane. Det vert ikkje auka i leigesatsen for skytebanane.

Gebyra for renovasjon og slam vert fastsett i samsvar med vedtak i representantskapen i NGIR i møte 27.10.2014. For 2015 blir det ein auke på gjennomsnittleg 2,9% i renovasjonsgebyra. Slamgebyr blir uendra.

Vassgebyret vert føreslege auka med 10%, medan avlaupsgebyr vert redusert med 20% Det er dei siste åra bygd opp utjamningsfond på VA-områda:

Utjamningsfond vatn	2.914.543
Utjamningsfond avlaup	1.413.667
Utjamningsfond slam	349.045

Hovudplanane for vatn og avlaup er under rullering, og framlegg til oppdaterte planar vert lagt fram i 2015.

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2015

Alle gebyr er medrekna mva.

	2014	2015
Radøy kultur- og musikkskule		
Instrumentalkurs/vokalkurs	1.443,-	1.443
Aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.443,-	1.443
Sal av timar til lag (pr time)	253,-	253,-
Søskenmoderasjon er 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset		

Barnehage		
Heildagsplass	2.405,-	2.505,-
Søskenmoderasjon er 30%, og evt 50% frå og med tredje barn		
Matpengar, pr måned, full plass	320,-	328,-

SFO		
Over 15 t/veke	2.405,-	2.505,-
Inntil 15 t/veke	2.010,-	2.110,-
Inntil 10 t/veke	1.567,-	1.630,-
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO.		
Søskenmoderasjon er 30% evt 50% frå og med tredje barn.		

Radøyhallen - lag og organisasjonar som høyrer heime i Radøy		
Leige av idrettshall/symjehall (lag/org i Radøy)	245,-/time	260,-
Leige 1/4 idrettshall		100,-
Leige av terapibasseng (lag/org i Radøy)	201,-/time	220,-
Leige både idretts- og symjehall		370,-
Leige idretts- eller symjehall, heil dag		1.560,-
Leige av både idretts- og symjehall, heil dag		2.200,-
Leige ungdommens hus, dag/helg	536,-	560,-/1120,-

Klippekort symjebasseng - 20 x born, 10 x vaksne	350,-	400,-
Klippekort symjebasseng - 10 x born, 5 x vaksne	180,-	200,-
Enkeltbillett vaksne	50,-	60,-
Enkeltbillett born	25,-	30,-
Born under 5 år gratis i følgje med vaksne		
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	230,-	280,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	60,-	70,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne		

Sæbø skule - fleirbrukshallen		
Leige hall for org. i kommunen, born og unge	Gratis	Gratis
Leige hall for org. i kommunen, vaksne	124,-/time	127,-/time
Leige hall for organisasjonar utanfor kommunen	247,- /time	253,-/time
Aktivitetar i privat regi	247,- /time	253,-/time
Utleige kantine til private føremål, inkl inv/utstyr	1.065,-/dag	1.090,-/dag
Utleige kantine til private føremål, utan inv/utstyr	536,- /dag	550,-/dag
Reinhold kjem i tillegg dersom leigetakar ikkje ordnar dette sjølv		

Gymsalar i skulane		
Aktivitetar i privat regi og lag og organisasjonar utanfor kommunen	168,- /time	172,-/time

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2015

Alle gebyr er medrekna mva.

Renovasjon	2014			2015		
	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-400,-	3.050,-	2.550,-	-400,-	3.150,-	2.650,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	-	3.450,-	2.950,-	-	3.550,-	3.050,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+400,-	3.850,-	3.350,-	+400,-	3.950,-	3.450,-
Hytterrenovasjon		1.725,-			1.775,-	

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn	1.900,-	3.564,-	2.090,-	4.455,-
Årsgebyr avløp	2.644,-	4.948,-	2.155,-	3.958,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		848,-		933,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³)		14,10		15,51
Administrasjonsgebyr vassmålar		125,-		125,-
Gebyr for brønnfylling, i tillegg til pris pr m ³		400,-		400,-
Tilknytingsgebyr vatn		18.375,-		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.178,-		942,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		19,26		15,41
Tilknytingsgebyr avløp		19.875,-		19.875,-
Slamgebyr		950,-		950,-

Feiing/branntilsynsgebyr	434,-	434,-
Feiing, timeoppdrag, minimum 2t	335,-/t	335,-/t

Eigenbetaling pleie og omsorg				
Tenester ut over primærtjeneste og vaktmeistertjenester		309,- pr time		317,-/time
Mat til heimebuande	Liten porsj. kr 62,-	Stor porsj. kr 71,-	Liten porsj. kr 62,-	Stor porsj. kr 71,-
- transport av mat		6,- pr prosjon		6,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter, inkl mat og transport		128,- pr dag		128,- pr dag
Aktivitetstilbod for bebuarar i omsorgsbustader		42,- pr dag		42,- pr dag
Tryggleiksalarm. (Pris gjeld berre ved bruk av eksisterande analog line til abonnent. For alarm med varsling via mobiltelefon gjeld eigne satsar)		294,- pr mnd		294,- pr mnd
Dagopphald i institusjon (kan bli endra etter vedtak i Helse- og omsorgsdepartementet)		74,- pr dag	Ikkje oppdatert med nye satsar pr 1.1.2015	74,- pr dag
Korttidsopphald i institusjon, inntil 60 døger pr år		142,- pr døger		142,- pr døger

Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp				
G-trinn	Timepris	Maks pr måned	Timepris	Maks pr måned
Inntil 2G (ny sats pr 1.1.2015)	180,-	180,-	180,-	180,-
2-3G	181,-	799,-	185,-	819,-
3-4G	224,-	1.236,-	229,-	1.276,-
4-5G	281,-	1.686,-	288,-	1.728,-
Over 5G	389,-	2.032,-	398,-	2.082,-

Radøy kommunestyre skal godkjenne Radøy sokneråd sine vedtak om festeavgifter for graver. Avgiftene er vedtekte slik:

	2014	2015
Feste av grav pr år (inntil 60 år)	190	220
Feste av grav pr år (over 60 år)	380	440
Feste av særskilt grav (20 år)	3 800	4 400

Investering – skjema 2A og 2B

Rådmannen gjer framlegg om samla investeringar på kr 46.089.000 i 2015, medrekna nye startlån. Dette er meir enn det som er ønskjeleg i høve til kommunen si gjeldsutvikling, då det meste av investeringane må finansierast ved låneopptak. 15 mill, dvs ca 35% av investeringane utanom startlån er knytt til VA-området, og er slik sett sjølvfinansierande. Noko av investeringane er rebudsjettering av prosjekt frå 2014. Det vil vera unytta lånemidlar på ca 15 mill frå 2014 som kan nyttast til finansiering i 2015.

Rådmannen går inn for at det vert teke opp nye lån til vidare utlån i Husbanken med kr 3.000.000 og lån til andre investeringar med kr 21.000.000. Lånevilkåra skal vera i samsvar med gjeldande finansreglement. Etter betalte avdrag kr 8,6 mill aukar netto lånegjeld med ca 12 mill i 2015.

Eigenkapitalinnskot i KLP kan ikkje lånefinansierast. Det er pårekna tilstrekkelege andre inntekter i investeringsrekneskapen til at dette ikkje er noko problem.

Finansieringa er basert på bruk av lån, medrekna unytta lånemidlar på 38,6 mill, mva-kompensasjon frå investeringar ca kr 3.479.000 og sal av tomteområde på Manger ca 4 mill.

Det vert også lagt til grunn at administrasjonskostnader ved investeringsprosjekt vert lagt til prosjektkostnaden. Som eit grovt estimat er nytta 2% administrasjon på dei prosjekta der dette er relevant. Faktiske kostnader vert lagt til prosjekta ved årsavslutninga, basert på medgått tid i kvart enkelt prosjekt.

Kommunen har ein stor bilpark, og det er stadig trong for utskifting av bilar. Det er difor ønskjeleg med ei ramme-løyving på kr 500.000 til kjøp av nye bilar i 2015. Rådmannen får fullmakt til å disponera denne posten.

Rådmannen ber om ei løyving på kr 500.000 til Olsvollstranda industriområde. Dette gjeld kostnader til anleggsbidrag BKK og teknisk tilrettelegging i området,

Kyrkja har løpande trong for investeringar, og rådmannen går inn for å vidareføra ei årleg løyving på kr 250.000 til investeringar i kyrkja også i 2015. Kommunen skal haldast orientert om bruken av midlane minst ein gong kvart år. Radøy sokn har også sendt inn søknad om finansiering av kr 3 mill til oppretting og sikring av Manger kyrkje. Rådmannen går inn for å løyva denne summen i 2015. Kostnadene ved opprettinga er ikkje avklåra. Det vert søkt om rentekompensasjon for kyrkjebygg. Denne inntekta vil tilfalla Radøy kommune.



I Radøyhallen er det turvande å skifta golvbelegg, ei hovudtavle for straum og doseringsanlegg til symjebassengen. Kostnaden ved nytt golv er estimert til kr 675.000. Hovudtavla for straum i symjehallen er i svært dårleg stand, og det kan få store konsekvensar for drifta av anlegget om den sviktar. Pårekna kostnad er kr 500.000,- men dette er usikkert inntil endeleg anbod vert henta inn.

Doseringanlegga for klor i bassenga er lite miljøvenlege og dårlege for arbeidsmiljøet. Kostnad ved nytt anlegg er ca kr 200.000. Det vil bli søkt om spelemidlar til oppgraderinga av hallen. Mogelege spelemidlar vert tidlegast betalt ut i 2016.

Rådmannen vurderer det som nødvendig å halda hallen rimeleg oppgradert. Bygget er snart 30 år gammalt, og skal vi halda hallen open, må den også tilfredsstillast normale krav til slike anlegg. Rådmannen går inn for å setja av kr 1.475.000 til anlegget.

Det ligg føre branntekniske rapportar på mange kommunale bygg, og det må gjerast oppgraderingar for å møta krava i desse rapportane. Arbeida er godt i gong, og i 2014 er det gjort omfattande brannsikringsarbeid ved Radøy ungdomsskule og Helsehuset. Rådmannen går inn for å løyva kr 1.000.000 til slike tiltak i 2015. Rådmannen får fullmakt til å disponera

denne løyvinga til konkrete føremål.

Posten mindre investeringar vert føreslegen vidareført med kr 1.200.000 årleg i heile økonomiplanperioden. Rådmannen får fullmakt til å disponera denne posten.

For offentleg tilgjengelege bygningar er det i utgangspunktet krav om universell utforming. Dette er også eit mål i samfunnsdelen av kommunepolanen. Radøy kommune har ei rekkje bygningar som ikkje oppfyller desse krava, og det er eit mål å oppgradera nokre bygningar kvart år i høve til universell utforming. Rådmannen vil difor tilrå å vidareføra årleg løyving kr 150.000 til universell utforming.

Av dei samla kostnadene som vert overført til Osterøy kommune/IKT Nordhordland, gjeld ein del investering. For 2015 er det estimert at Radøy sin del av investeringskostnaden er kr 314.000.

Ved Velferdssenteret er det i 2014 gjort noko oppgradering av fasaden, utskifting av vindauge mv. Det er tinga ein bygningsteknisk gjennomgang av bygget, og denne vil liggja føre i november. Rådmannen går inn for å løyva kr 1 mill til oppgraderingar i 2015, men tek atterhald om at det kan vera aktuelt å koma attende til saka i 2015.

Trongen for institusjonsplassar er aukande, og det er i realiteten for lite plass ved Velferdssenteret i dag. Det må gjerast eit større utgreiingsarbeid, der ein ser trongen for institusjonsplassar opp mot andre tenester og andre utviklingstiltak sentralt på Manger. På kort sikt meiner rådmannen at nokre av romma ved omsorgsbustadene kan byggjast om til institusjonsrom. Dette er slett ikkje ukomplisert. Oppgradering til institusjon krev auka brannklasse, og romma ved omsorgsbustadene er på ingen måte ideelle som institusjonsrom. Rådmannen ber om ei løyving på kr 1 mill til utgreiings- og prosjekteringsarbeid og evt oppstart av arbeid. Det vert lagt fram eiga sak for kommunestyret om dette i løpet av 2015.

Heimetenesta har kontor i Velferdssenteret, og har generelt for lite plass.

Hovedoversikt investering

	Budsjett 2015	Budsjett 2014 regulert	Budsjett 2014 opprinneleg	Rekneskap 2013
Sal av driftsmidler og fast eiendom	4 000 000	3 000 000	-	1 580 640
Andre salsinntekter		187 000	187 000	114 191
Overføringer med krav til motyting	3 479 000	4 641 000	4 281 000	300 000
Sum inntekter	7 479 000	7 828 000	4 468 000	1 994 831
Lønsutgifter			-	812 254
Sosiale utgifter			-	185 792
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. ei.	39 039 000	33 457 000	31 657 000	24 191 584
Kjøp av tenester som erstatter kommunal egenp.	-	1 400 000	1 400 000	-
Overføringer	3 250 000	250 000	250 000	4 359 856
Renteutgifter og omkostninger				2 556
Sum utgifter	42 289 000	35 107 000	33 307 000	29 552 042
Avdragsutgifter			-	3 076 512
Utlån	3 000 000	3 000 000	3 000 000	10 206 000
Kjøp av aksjer og andelar	800 000	800 000	800 000	748 775
Dekking av udekka frå tidlegare år			-	-
Avsett til ubunde investeringsfond			-	-
Avsett til bundne fond			-	1 199 026
Sum finansieringstransaksjonar	3 800 000	3 800 000	3 800 000	15 230 313
Trong for finansiering	38 610 000	31 079 000	32 639 000	42 787 524
Bruk av lån	38 610 000	30 787 000	32 347 000	33 778 562
Mottekne avdrag på utlån			-	3 515 077
Overføringer frå driftsrekneskapen			-	3 287 885
Bruk av disposisjonsfond		292 000	292 000	
Bruk av bundne fond			-	1 383 130
Sum finansiering	38 610 000	31 079 000	32 639 000	41 964 654
Udekka/udisponert	-	-	-	-822 870

Budsjettskjema 2A

	Budsjett 2015	Budsjett 2014 regulert	Budsjett 2014 opprinneleg	Rekneskap 2013
Investeringar i anleggsmidler	42 289 000	35 107 000	34 107 000	29 552 043
Utlån og forskutteringar	3 800 000	3 800 000	3 000 000	10 954 775
Avdrag på lån			-	3 076 512
Dekking av udekka frå tidlegare år			-	-
Avsetningar			-	1 199 026
Trong for finansiering i året	46 089 000	38 907 000	37 107 000	44 782 356
Bruk av lånemidler	38 610 000	30 787 000	32 347 000	33 778 563
Inntekter frå sal av anleggsmidler	4 000 000	3 000 000	-	1 580 640
Mottekne avdrag på utlån, refusjonar	3 479 000	4 641 000	550 000	3 815 077
Andre inntekter		187 000	3 918 000	114 191
Sum ekstern finansiering	46 089 000	38 615 000	36 815 000	39 288 471
Overført frå driftsrekneskapen			-	3 287 885
Bruk av avsetjingar		292 000	292 000	1 383 130
Sum finansiering	46 089 000	38 907 000	37 107 000	43 959 486
Udekka/udisponert	-	-	-	(822 870)

Investeringsbudsjett 2015

Budsjettskjema 2B	Budsjett 2015	Budsjett 2014 regulert	Budsjett 2014 opprinneleg	Rekneskap 2013
1280001 Utskrifning av bilar	500 000	500 000	500 000	-
1438001 Olsvollstranda industriområde	500 000	1 300 000	1 300 000	153 409
1438002 Storsandvik	-	3 012 000	3 012 000	208 963
1438003 Utmark Bø	-	-	-	-25 000
1521001 Bygdebok	-	1 213 000	1 400 000	733 219
1529001 Ungdommens hus	-	-	-	195 141
1530009 Radøyhallen - ny duk	-	-	-	1 097 724
1530010 Avfuktingsanlegg - varmeumpe	-	200 000	200 000	-
1530011 Terapibasseng	-	500 000	500 000	-
1530012 Radøyhallen oppgradering 2015	1 475 000	-	-	-
1583001 Investering kyrkjer	3 250 000	250 000	250 000	250 000
1908020 VISMA Enterprise	-	1 250 000	1 250 000	-
1908045 IKT investering IKT Nh	314 000	700 000	700 000	1 536 319
1920001 Mindre investeringar	1 200 000	1 100 000	1 200 000	235 725
2110003 Austebygd skule tak	-	600 000	-	628 918
2110004 Austebygd skule parkeringsplass	-	400 000	300 000	-
2130003 Manger skule utbygging	-	-	-	13 903 799
2190007 Oppgradering Radøy ungdomsskule	-	-	-	269 445
2190010 Radøy ungdomsskule oppgrad kjøkken	-	-	-	15 303
2712004 Bø barnehage oppgrad 2013	-	-	-	137 137
3210006 Velferdssenteret utvendig oppgradering	1 000 000	1 500 000	1 500 000	-
3220001 Heimetenesta - bilar	-	-	-	271 582
3220002 Heimetenesta - utvida lokale	-	2 275 000	2 275 000	-
3220003 Heimetenesta - garderober	3 200 000	-	-	-
3223001 Ny bil dagavdelinga	-	-	-	280 000
3225001 Ombygging oms til institusjonsplassar	1 000 000	-	-	-
3231001 Bil avlastning	-	-	-	198 000
5202900 Startlån (lån)	3 000 000	3 000 000	3 000 000	-423 565
6000101 Lagerbygg Solendmyra	500 000	-	-	-
6101002 Rådhuset oppgradering	-	-	-	899 205
6103001 Helsehuset ombygging	1 500 000	-	-	892 683
6104002 Ombygging Grønålen	500 000	-	-	-
6104003 Kommunale bustader	6 000 000	-	-	-
6108001 Kommunale bygg	-	150 000	150 000	-
6110001 Universell utforming	150 000	150 000	150 000	102 275
6150001 Bustadfelt	-	-	-	-100 000
6150003 Industriområde	-	-	-	-375 640
6150004 Innløysing tomter OvF	-	-	-	238 560
6150005 Bøvågen	-	-	-	-350 000
6150006 Urhaug C	-	-	-	-600 000
6190001 Branntekniske investeringar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	163 350
6210004 Vassleidning Sæbøvågen - Vetås	-	-	-	4 733 930
6210005 Stigeleidning Halland - Lifjell	-	2 100 000	2 100 000	82 225
6210006 Hovudleidning Lifjell - Manger	6 000 000	2 500 000	2 500 000	-
6225001 Lastebil SV45814	-	-	-	1 346 777
6310005 Renseanlegg Manger/sanering	9 000 000	6 200 000	6 200 000	-
6510002 Brannvernutstyr	100 000	220 000	220 000	-
6510003 Brannbil 2014	3 400 000	3 400 000	3 400 000	-
6700003 Asfaltering kommunale vegar	1 500 000	1 500 000	1 500 000	-
6700004 Kommunale vegar - bruer	-	-	-	544 164
6705001 Oppgradering kommunale bruer	-	1 500 000	1 500 000	-
6764001 Trafikksikring	200 000	200 000	200 000	-
6900100 Eigenkapitalinnskott KLP	800 000	800 000	800 000	-
TOTALT	46 089 000	37 520 000	37 107 000	27 243 648

Det har vore ei arbeidsgruppe i sving, og sak er lagt fram for formannskapet i 2014, men vart der utsett. Rådmannen meiner at arbeidet uansett må gjennomførast snarast råd, og ber kommunestyret om å løyva kr 3.200.000 til føremålet i 2015. Rådmannen tek likevel atterhald om at det kan bli gjort andre vurderingar i saka, og at det såleis kan koma ny sak på dette i 2015.

Radøy kommune eig i dag svært få husvære for utleige til flyktningar eller andre med særleg trong for bustad. Talet på flyktningar som kjem til Radøy er aukande, og ein har til no løyst utfordringane ved å leiga husvære hos private. På kort sikt er dette ei tenleg ordning, men over tid vert kostnadene til husleige betydelege. Med utsikter til eit vedvarande lågt rentenivå, vil det vera god økonomi i å kjøpa nye, ferdige bustader for vidare utleige. Det er fleire slike for sal i kommunen i dag, og rådmannen ønskjer å setja av 6 mill til kjøp av kommunalt disponerte bustader.

Den eine delen av tomannsbustaden i Grønålen er bygd om i samband med etablering av eit nytt tenestetilbod, og rådmannen ønskjer å oppgradera den andre delen av bygget, slik at også det kan nyttast som tenleg husvære for utleige. Kostnadene ved oppgradering er estimert til kr 500.000.

Rådmannen vil peika på at kjøp og oppgradering av ordinære bustader ikkje er omfatta av ordninga med mva-kompensasjon, slik at kostnaden her vert lik brutto kostnad inkl. mva.

Helsehuset er nok det kommunale bygget som har størst trong for oppgradering. Det er gjort ein del arbeid i 2014. Det er utarbeidd tilstandsrapport og plan for utbetring av bygget. Rådmannen går inn for å løyva kr 1,5 mill i 2015 og deretter 2 mill årleg til oppgradering av bygget. M.a. må det vurderast om ventilasjonsanlegget må skiftast ut.

Rubbhallen på Solendmyra er i dårleg forfatning, og vil neppe tåla ein skikkelig vinterstorm. Vi har ingen alternative lokale der vi kan plassera utstyret som er lagra der, og det må difor setjast opp ein erstatning for rubbhallen. Det er henta inn pris på ny hall, og kostnaden er estimert til kr 500.000,-,

og rådmannen ber om at denne summen vert løyvd i 2015.

Det er inngått kontrakt om kjøp av brannbil i 2014, men bilen vert først levert i 2015. Først når bilen er levert kan den takast inn i investeringsrekneskapen. Løyvinga frå 2014 må difor rebudsjetterast i 2015.

Det personlege verneutstyret til brannmannskapa må fornyast, og det er lagt opp til utskifting over fleire år.

Det vert sett av kr 1,5 mill til oppgradering av kommunale vegar i 2015.



Etter at det vart innført nye forskrifter for tildeling av startlån, har etterspurnaden gått kraftig ned. Berre eit fåtal søkjarar fell innfor reglane for tildeling av startlån. Korleis utviklinga blir i 2015 er uviss, men rådmannen går inn for å søkja Husbanken om lån til vidare utlån med kr 3 mill.

Arbeidet med rullering av Hovudplan for vatn er i gong, men er ikkje ferdigstilt pr november 2014. Prosjekta i eksisterande plan vert likevel vidareført i budsjettet.

Ny hovudleidning Lifjell – Manger har vore på anbod, men arbeida er enno ikkje starta. Klagerfristen for tildeling er enno ikkje ute, og det er difor uvisst når arbeida startar opp. Kostnadsramma på 7,4 mill vart godkjent av kommunestyret i møte 30.10.2014. Rådmannen legg til grunn at 1,4 mill av ramma vert nytta i 2014, og at resterande ramme, kr 6 mill, vert løyvd i 2015. Rådmannen tek atterhald om at forskyving av oppstartstidspunkt kan krevja rebudsjettering i 2015.

Hovudplan for avlaup er også under rullering. Hovudprosjekta her er nytt hovudreinseanlegg på Manger og sanering Mangersvåg. Rådmannen

legg opp til at desse prosjekta vert sett i samanheng, og blir gjennomført i 2015. Rådmannen ber om ei løyving på 9 mill. som estimert kostnad. Endeleg kostnadsramme for prosjektet skal godkjennast av formannskapet. Der som kostnadene går ut over 9 mill, skal kommunestyret godkjenne utvidinga.

Rådmannen ber også om at det vert løyvd kr 200.000 til trafikkisikringstiltak og kr 800.000 til eigenkapitaltilskot til KLP.

Økonomiplan 2015 - 18

Økonomiplanperioden vert krevjande. Aukande rente- og avdragsnivå gjer at utfordringane i 2015 vert forsterka i perioden.

Rådmannen ønskjer å fokusera meir på arbeidet med økonomiplanen, og vil leggja opp til ei brei politisk drøfting av drift og investeringar i samband med økonomiplan for 2016 - 19. Arbeidet vil starta opp på vårparten, og siktemålet er å ha ein godkjent økonomiplan for neste periode klar før sommarferien.

For å halda balanse i økonomiplanperioden 2015 - 18, har rådmannen lagt inn ytterlegare 1 ‰ auke i eigedomsskatten frå 2018.

Investeringsnivå vert lagt lågt, der VA-området og opprusting av eksisterande gymsal på Manger er dei viktigaste investeringane.

Skjema A og B basert på desse føresetnadene følgjer nedanfor.

Økonomiplan skjema 1A

	B 2014	B 2015	B 2016	B2017	B2018
Skatt på formue og inntekt	(110 389 000)	(115 665 000)	(115 665 000)	(115 665 000)	(115 665 000)
Rammetilskot	(146 050 000)	(146 156 000)	(146 853 000)	(146 853 000)	(146 855 000)
Eigedomsskatt	(11 521 000)	(14 528 000)	(14 708 000)	(14 888 000)	(18 075 000)
Andre generelle statstilskot	(4 967 000)	(6 739 000)	(6 793 000)	(6 148 000)	(6 056 600)
Sum frie disponible inntekter	(272 927 000)	(283 088 000)	(284 019 000)	(283 554 000)	(286 651 600)
Renteinntekter og utbyte	(7 641 000)	(4 609 000)	(4 787 000)	(4 743 000)	(4 818 000)
Renteutgifter, provisjonar og andre fin:	6 935 000	6 229 000	7 085 000	7 609 000	8 255 000
Avdrag på lån iht låneoversyn	8 354 000	8 240 000	8 730 000	9 383 000	10 050 000
Netto finansinntekter/-utgifter	7 648 000	9 860 000	11 028 000	12 249 000	13 487 000
Til dekking av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år					
Avsetjing til fond					
Bruk av fond	(658 000)				
Netto avsetjingar	(658 000)				
Overført til investering					
Til fordeling drift	(265 937 000)	(273 228 000)	(272 991 000)	(271 305 000)	(273 164 600)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	269 746 000	271 668 000	271 347 000	271 647 000	271 347 000
Meirforbruk (mindreforbruk)	3 809 000	(1 560 000)	(1 644 000)	342 000	(1 817 600)

Økonomiplan skjema 1B

	B 2014	B 2015	B2016	B2017	B2018
Stab og politisk	15 851 000	18 471 000	18 150 000	18 450 000	18 150 000
Oppvekst	99 535 000	108 437 000	108 437 000	108 437 000	108 437 000
Helse og omsorg	122 010 000	119 781 000	119 781 000	119 781 000	119 781 000
Drift og forvaltning	24 811 000	24 979 000	24 979 000	24 979 000	24 979 000
Reguleringspostar	7 539 000	-	-	-	-
Til skjema 1A	269 746 000	271 668 000	271 347 000	271 647 000	271 347 000

Økonomiplan skjema 2A

	B2014	B2015	B2016	B2017	B2018
Investeringar i anleggsmidlar	34 107 000	43 089 000	20 750 000	16 250 000	23 650 000
Utlån og forskutteringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Avdrag på startlån					
Udekkja i investering frå tidl. år					
Trong for finansiering i året	37 107 000	46 089 000	23 750 000	19 250 000	26 650 000
Bruk av lånemidlar	(32 207 000)	(38 610 000)	(22 590 000)	(16 335 000)	(25 226 000)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar		(4 000 000)			
Refusjonar og tilskot	(3 871 000)	(3 479 000)	(1 160 000)	(2 915 000)	(1 424 000)
Tilskot frå andre	(550 000)				
Andre inntekter	(187 000)	-			
Sum ekstern finansiering	(36 815 000)	(46 089 000)	(23 750 000)	(19 250 000)	(26 650 000)
Overført frå drift	-	-			
Bruk av avsetjingar	(292 000)				
Sum finansiering	(37 107 000)	(46 089 000)	(23 750 000)	(19 250 000)	(26 650 000)
Udekkja/udisponert	-	-	-	-	-

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2015 - 2018	B 2014	B 2015	B 2016	B 2017	B 2018
1583001 Kyrkja	4 000 000	250 000	3 250 000	250 000	250 000	250 000
1521001 Bygdebok	-	1 400 000				
1530012 Radøyhallen oppgradering	1 475 000	700 000	1 475 000			
6190001 Brannteknisk	2 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000		
6110001 Universell utforming	450 000	150 000	150 000	150 000	150 000	
1920001 Mindre investeringar	4 800 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
1908020 VISMA investering	-	1 250 000				
1908045 IKT Nh inv	314 000	700 000	314 000			
Austebygd skule	2 500 000	300 000				2 500 000
2130002 Manger skule	10 000 000	-	-		10 000 000	
Radøy ungdomsskule	-					
3210006 Velferdssenteret utvendig utbetring	1 000 000	1 500 000	1 000 000			
Dagsenter	-					
3225001 Ombygging oms --> institusjon	1 000 000		1 000 000			
Prosjektering institusjonsplass	-					
3220003 Heimetenesta	3 200 000	2 275 000	3 200 000			
6104003 Kommunale bustader	6 000 000	150 000	6 000 000			
6104002 Ombygging Grønålen	500 000		500 000			
6103001 Helsehuset	7 500 000		1 500 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
1438002 Storsandvik	-	3 012 000				
1280001 Utskifting av bilar	2 000 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
6000101 Lagerbygg Solendmyra			500 000			
6510003 Ny brannbil	3 400 000	3 400 000	3 400 000			
6510002 Brannvernustyr	400 000	220 000	100 000	100 000	100 000	100 000
6700003 Kommunale vegar oppgradering	4 500 000	1 500 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6705001 Kommunale bruer oppgradering	-	1 500 000				
5202900 Startlån	12 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
1438001 Olsvollstranda industriområde	500 000	1 300 000	500 000			
6215001 Vassprosjekt	33 000 000	4 600 000	6 000 000	12 000 000		15 000 000
6310005 Avlappusprosjekt	10 500 000	6 200 000	9 000 000	1 500 000		
6764001 Trafikksikring	800 000	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
9000900 Eigenkapitalinnskott KLP	3 400 000	800 000	800 000	850 000	850 000	900 000
Sum investering	115 239 000	37 107 000	46 089 000	23 750 000	19 250 000	26 650 000

